



HAREID
KOMMUNE


STRATEGISK NÆRINGSPLAN

Hareid kommune
Høyringsutkast

22.01.2024



Foto: Erlend Friestad



INNHALD

| | |
|--|-----------|
| Formål med strategien | 3 |
| 1. Næringskommunen Hareid: | 4 |
| fortrinn, moglegheiter og barrierer | 5 |
| 2. Mål og strategiske grep | 8 |
| 1. Næringsutvikling i hav- og fjordbasert næring | 10 |
| 2. Utvikle Hareid som reiselivsdestinasjon | 12 |
| 3. Styrke identiteten og rekrutteringa til Hareid som bu-, besøks- og arbeidskommune | 14 |
| 4. Tettstadsutvikling med vekt på attraktive tilbud for aldersgruppa 20-40 | 16 |
| 5. Styrka industriell satsning | 17 |
| Berekraftsmåla som rettesnor | 18 |
| 3. Slik gjer vi det (organisering) | 19 |
| Overordna mål | 10 |
| Mandat for næringsteam | 21 |
| Mandat for strategisk planforum | 23 |

Formål med strategien

Dokumentet er delt i tre hovudområde med følgjande formål:

Strategisk Analyse

Den strategiske analysa beskriv komparative fortrinn for næringslivet i Hareid kommune, samt moglegeheits- og utfordringsbildet. Fokuset skal være på kva kommunen og næringslivet kan gjere i samarbeid for å oppnå vekst i Hareid.

Strategiske grep

Strategien skal gi retning for felles satsningar i Hareid kommune. Strategien handler kort oppsummert om å styrke grunnmuren for næringsutvikling og vekst på komparative fortrinn.

Organisering

Korleis “ta fra ord til handling” og mobilisere utviklingsaktørar til eit felles løft for næringslivet i Hareid kommune, samt kva kommunen kan bidra med for å styrke rammevilkår som kan bidra til vekst.




1

Næringskommunen Hareid

Hareid som knutepunkt for næringsutvikling, busetnad og turisme

... det viktigaste fortrinnet for berekraftig vekst



Næring

- › Maritimt knutepunkt og store areal for næringsutvikling
- › Lang historie, kultur og kunnskap frå havbaserte næringar
- › Sterk leverandørindustri marin og maritim sektor spesielt



Turisme

- › Naturkvalitetar som gir reiselyst (hav, fjell, fjord, gjestehavn)
- › Hamn med potensiale for cruiseturisme (i ein regional marknad som veks)
- › Nærleik til Ålesund, flyplass og hurtigbåt gjer reisa til Hareid enkel



Busetnad

- › Kompakt arbeidsregion med gode pendlarsamband (fly, båt, bil)
- › Kan bu landleg og trygt, nær det urbane og stor arbeidsmarknad
- › Gode oppvekstvilkår for born og unge

Fleire moglegheiter som gir grunn til framtidstru

Moglegheiter for vekst og utvikling

Kva betyr dette for samfunns- og næringsutviklarrolla i kommunen

Tiltrekke seg ny næring til attraktive og sjønære areal

Havbasert næring er peika på som den store vekstmotoren for Vestlandet (og Norge ellers). Hareid har lange tradisjonar, tilgjengeleg næringsareal og gode hamneforhold, og må framover jobbe for å tiltrekke seg miljø med evne og vilje til ny næringsutvikling i kommunen.

Vekst i turisme

Med naturgitte kvalitetar, logistikk og hamn, har Hareid potensial for å utvikle meir turisme. Etablering av cruisehamn vert vurdert, m.a. basert på stor vekst i denne næringa. Kommunen har for svak kapasitet i det kommersielle overnattingstilbodet. Det er behov for ein heilskapleg plan for utvikling av Hareid som reisemål.

Utvikle nye og sterkare verdikjeder

Kommunen har fleire sterke enkeltbedrifter, og aktørar som vurderer etablering i kommunen. Utvikling av gode møteplasar for gjensidig erfarings- og kunnskapsutveksling kan bidra positivt til utvikling av nye og meir robuste verdikjeder på tvers av geografiar og næringar. Fokus utanom eigne kommunegrenser er vesentleg for å lukkast i ein nasjonal og global marknad.

Utvikle Hareid til et enda sterkare hamnebaseng

Det vert jobba med å få opp ein strategisk hamneplan for kommunen basert på planar om utvikling av sjøfronten i Hareid sentrum. Samfunns-, nærings- og hamneutvikling må skje parallelt for å sikre at ein på ein best mogleg måte ivaretek behov hos næringsliv, innbyggjarar og kommune.

Slik lukkast vi

For å lukkast må Hareid finne løysingar på nokre store utviklingstrendar i samfunnet som skapar barrierar for vekst

Barrierar for vekst og utvikling

Kva betyr dette for samfunns- og næringsutviklarrolla i kommunen

Aldersdemografi i befolkninga

Ei stadig aldrande befolkning set stor press på økonomien til kommunane (helse- og omsorgssektoren spesielt), og vil over tid føre til stor mangel på arbeidskraft dersom ein ikkje klarer å snu denne trenden

Komplekse planprosessar

Komplekse prosessar for regulering av næringsareal, bustadsareal og hamner og eit aukande fokus på grøn omstilling krev kompetanse, kapasitet og omstillingskraft i den kommunale planrolla. Kommunen har tilgang på areal og kan i enda større grad vere ein tilretteleggjar for å "vinne kampen" om nyetablerarar og tilflyttarar

Tilgang på attraktive bustadtomter og bustadar

Aldersgruppa 20-40 som kommunen treng fleire av, er ofte i etableringsfasen og ønskjer seg skreddarsydde og attraktive bustadar tilpassa den fasen av livet dei er i. Hareid må sørge for at dette tilbodet er til stades, dersom kommuna skal få vekst i tilflytting

For svak fullføringsgrad i vidaregåande utdanning

Tilgang til arbeidskraft og riktig kompetanse til næringslivet i kommunen er kritisk for å oppnå vekst. For å snu ein trend med svak fullføringsgrad må skule, næringsliv og kommune jobbe saman for å motivere og synleggjere spennande jobbmogelegheiter i kommunen.

Ikkje synlege og/eller attraktive nok for aldersgruppa 20-40

Det er behov for å fortelje historia om kvalitetane til Hareid som bu- og arbeidskommune. Dette krev målretta arbeid med omdøme- og idenitetsbygging samt fysiske tiltak som bidreg til å gjere kommuna meir attraktiv for tilflytting - både i sentrum og i omgivnadane rundt.

2

Mål og strategiske grep

OVERORDNA AMBISJON:

Styrke kommunen sin funksjon som tilretteleggar og samarbeidspartnar for lokalt næringsliv

1

Næringsutvikling i hav- og fjordbasert næring

Den lange kystlinja til Hareid frå Buhammaren i vest til Alme i aust gir oss ei kystlinje på 2,5 mil med stort potensial for næringsutvikling i havbasert næring.

Hareid skal styrke posisjonen som maritimt knutepunkt, og utnytte moglegeheiter for havbasert næringsutvikling som ligg i krav om nullutslepp i verdsarv- fjordane og bygging av Stad skipstunnell

2

Utvikle Hareid som reiselivsdestinasjon

Hareid har gode løysingar, areal og/eller infrastruktur for transport og logistikk til reisemålet både via fly, cruise, hurtigbåt, småbåt og bil, men i liten grad utvikla kommersielle tilbod innan turisme.

Hareid skal framover prioritere næringsutvikling som styrkar Hareid som reiselivsdestinasjon

3

Styrke identiteten og rekrutteringa til Hareid som bu-, besøks- og arbeidskommune

Hareid har mange kvalitetar som er attraktive for næringsutvikling, busetnad og besøk, men har i liten grad jobba systematisk med historieforteljing og profilering av kommunen.

Hareid skal intensivere arbeidet med omdømebygging, marknadsføring og rekruttering til næringslivet i kommuna

4

Tettstadsutvikling med vekt på attraktive tilbod for aldersgruppa 20-40

Bustadtomter og bustadar for barnefamiljar er ei knapp faktor i kommuna.

Hareid skal planlegge for attraktive og bygningsklare tomter og legge til rette for at det er enkelt å busette seg og trivast i kommuna.

Hareid skal utvikle eit attraktivt sentrum

5

Styrka industriell satsning

Hareid har eit historisk sterkt og variert næringsliv og er ein del av det maritime clusteret på Nordvestlandet.

Hareid skal med sjønære næringsareal og hamner jobbe aktivt med å tiltreke seg miljø som vurderer større etableringar langs norskekysten og legge til rette for at desse aktørane får gode rammevilkår for vekst og utvikling

1

Næringsutvikling i hav- og fjordbasert næring

Den lange kystlinja til Hareid frå Buhammaren i vest til Alme i aust gir oss ei kystlinje på 2,5 mil med stort potensial for næringsutvikling i havbasert næring.

Hareid skal styrke posisjonen som maritimt knutepunkt, og utnytte mogelegheiter for havbasert næringsutvikling som ligg i krav om nullutslepp i verdsarvfjordane og bygging av Stad skipstunnell

Hareid skal jobbe for

Tiltak

Utvikling sjønære og attraktive næringsareal

- › Heilskapleg plan for utvikling av Raffelneset med ei vidare utviding mot Overå og næringsarealet ved Risneset på Hjøungavåg, samt hamneområde i nord
- › Sørgje for finansiering og gjennomføring

Utarbeide strategisk hamneplan

- › Utarbeide kunnskapsgrunnlag og plan for hamn (cruise, anna næring, transport)
- › Sørgje for realisering av denne gjennom reguleringsplanar, investeringsplanar og planar for drift/organisering

Avklare cruisesatsning i Hareid

- › Saman med cruisenetverket avklare kva som kan vere Hareid sin posisjon i cruisesatsinga i regionen, og kva rolle dei kan ha knytt til å frakte passasjerar til verdsarvområde (Geiranger)
- › Dialog og oppfølging av nøkkelpartnarar

Jobbe for utvida passasjerbåttilbod i aksa Ålesund-Måløy

- › Kontinuerleg arbeid for å etablere gode rutetilbod for passasjertrafikk med omsyn til å tilpasse denne til behov for pendlartrafikk, turisttrafikk og anna besøk til kommunen



2

Utvikle Hareid som reiselivsdestinasjon

Hareid har gode løysingar, areal og/eller infrastruktur for transport og logistikk til reisemålet både via fly, cruise, hurtigbåt, småbåt og bil, men i liten grad utvikla kommersielle tilbod innan turisme

Hareid skal framover prioritere næringsutvikling som styrkar Hareid som reiselivsdestinasjon

Hareid skal jobbe for

Tiltak

Utvikle ein heilskapleg plan for reisemålsutvikling i Hareid

- Utvikle framtidsscenario for Hareid som reisemål med skildring av attraksjonar som kan løfte Hareid som turistkommune, f.eks. næringsstomter for hotell, kystnære hyttefelt og planar for korleis kyst-/fjordtrafikk kan utviklast i samarbeid med aktørar i reiselivsnæringa
- Basert på framtidsscenario - lage ein konkret tiltaksplan for å styrke Hareid som reisemål

Vere ein aktiv pådrivar for næringsutvikling innan turisme

- Målretta samarbeid med Destinasjon Ålesund og Sunnmøre og cruise-/reiselivsnettverket for å planlegge og styrke reiselivsproduktet i Hareid
- Vurdere å gjennomføre vekstprogram med spissing mot reiseliv for å oppnå fleire tilbod og heilårsarbeidsplassar i reiselivsnæringa

Tilrettelegging av infrastruktur for reiselivet

- Langsiktig plan for utbygging av fellesgode som bidreg til høgare kvalitet og auka attraksjonskraft for reisemålet, for eksempel turområde, utsiktspunkt i Hareidfjella ("trekkplasteret"), parkering, informasjonstavler og skilting, toalett- og avfallshandtering

Etablere plan og struktur for samarbeid med grunneigarar

- Sørge for profesjonell handtering av grunneigarinteresser rundt utfartsårar



3

Styrke identiteten og rekrutteringa til Hareid som bu-, besøks- og arbeidskommune

Hareid har mange kvalitetar som er attraktive for næringsutvikling, busetnad og besøk, men har i liten grad jobba systematisk med historieforteljning og profilering av kommunen.

Hareid skal intensivere arbeidet med omdømebygging, marknadsføring og rekruttering av kommunen.

Hareid skal jobbe for

Profilprosess for å løfte fram historia om kvifor bu-, arbeide og besøke Hareid



- Tiltak**
- › Saman med profesjonelt byrå utvikle kommunikasjonsmateriale om Hareid som bu-, nærings- og turistkommune
 - › Ta dette aktivt og systematisk i bruk i dialog med potensielle tilflyttarar og næringsliv som vurderer etablering i kommunen

Målretta arbeid med rekruttering av arbeidskraft



- › Skaffe seg betre innsikt i korleis det vert jobba med rekruttering av arbeidskraft i andre kommunar (beste praksis)
- › Intensivere innsatsen med å “vinne kampen” om arbeidskraft til kommunen og regionen

Parallelt med utvikling av reisemålet utvikle marknadsføringsmateriell



- › Sørge for god synlegheit og bookbare reiseopplevingar i Hareid gjennom nært samarbeid med Destinasjon Ålesund og Sunnmøre og reiselivsnettverket

Sørge for god tilgang til arbeidskraft basert på behov i næringslivet



- › Etablere eit tettare samarbeid mellom skule, næringsliv og kommune, m.a. sett i lys av stor fråfallsprosenten i VGS.
- › Identitetsbygging og kunnskap om mogegheiter i lokalt næringsliv i grunnskuletilbodet



4

Tettstadsutvikling med vekt på attraktive tilbud for aldersgruppa 20-40

Bustadtomter og bustadar for barnefamiljar er ei knapp faktor i kommunen.

Hareid skal planlegge for attraktive og bygningsklare tomter og legge til rette for at det er enkelt å busette seg og trivast i kommunen.

Hareid skal utvikle eit attraktivt sentrum og levande krinsar.

Hareid skal jobbe for

Tiltak

Bustadpolitikk som prioriterer barnefamiljar

- › Sørge for tydelege politiske prioriteringar og eit kommunalt planverk som sikrar langsiktig og berekraftig bustadutvikling

Tomter for bustadutvikling

- › Aktivt og kontinuerleg jobbe for å sikre tilgang til areal med bustadformål i attraktive område i kommunen

Fart i utbygginga gjennom involvering av regional bygg og anleggsbransje

- › Vurdere moglegheiter for utbygging av område gjennom privat- offentlege samarbeid
Kartlegge alternative strukturar/organisering av slikt arbeid

Langsiktig plan for sentrumsutvikling basert på lokale fortrinn

- › Vurder å etablere samarbeid med arkitektmiljø som kan bidra til å få viktige funksjonar i sentrum til å fungere optimalt i framtida, herunder industri, hamn, detaljhandel, møteplassar og strand-/grøntareal
Koble dette til eventuelle tettstadsutviklingsprogram i fylkeskommunal regi

5

Styrka industriell satsning

Hareid har eit historisk sterkt og variert næringsliv og er ein del av det maritime clusteret på Nordvestlandet.

Hareid skal med sjønære næringsareal og hamner jobbe aktivt med å tiltrekke seg miljø som vurderer større etableringar langs norskekysten og legge til rette for at desse aktørane får gode rammevilkår for vekst og utvikling

Hareid skal jobbe for

Tiltak

Aktivt jobbe for nyetableringar av større industrielle satsingar i kommunen

- › Aktivt oppsøke og marknadsføre næringsareal og fasilitetar i Hareid hos dei største næringsklyngene på Vestlandet
- › Synleggjere ei offensiv haldning til privat-/offentleg samarbeid for å realisere planar

Styrke samarbeid på tvers av bedrifter i kommunen

- › Vidareutvikle møteplassane i Vekst i Hareid med omsyn til attraktivt innhald og meir samarbeid på tvers av bedrifter

Å styrke sin posisjon i det maritime clustert på Sunnmøre

- › Delta og engasjere seg i klyngesatsningane som skjer i regionen, m.a. GCE Blue Maritime Cluster og NCE Blue Legasea

Å vere ein offensiv næringsutviklar

- › Halde fram arbeidet med næringsvennleg kommune og ein næringsorientert kultur i kommunen (sjå nærare omtale av organisering i neste del)

Berekraft som rettesnor

Berekraft skal vere ei rettesnor for all næringsutvikling i kommunen

Fleire berekraftsmål påverkar arbeidet med næringsutvikling:



- > Utdanningsløp som er tilpassa lokal næringsstruktur.
- > Kople utdanningsløp saman med næringsliv for å skape kjennskap til kvarandre og legge til rette for sysselsetting og utvikling på sikt



- > Infrastruktur for grøn omstilling av næringslivet og utvikling av sentrum i lokalsamfunnet



- > Sikre økonomisk berekraft og anstendige arbeidsforhold



- > Ulike satsingar i havrommet som både vil bidra til å stoppe klimaendringane samt auke verdiskapinga i Hareid som følge av nysatsingar og innovasjon



- > Samarbeid på tvers av miljø for å bidra til gode løysingar

”
Hareid kommune skal satse på grønn utvikling og omstilling av næringslivet



3



Slik gjer vi det

Overordna mål for næringssteamet i Hareid kommune

- “Næringssteamet i Hareid kommune skal samordne innsatsen mot næringslivet gjennom eit tverrfagleg samarbeid i kommunen.
- Næringssteamet skal sikre omforeint og heilskapleg forståing for det kommunale næringsarbeidet, herunder rollefordeling og ansvar, samt sørge for god koordinering av saker. Eit viktig fokus for næringssteamet er koordinering og oppfølging av enkeltsaker.
- Det blir i tillegg viktig å styrke samhandling mellom kommune og næringsliv for å oppnå betre tenester til næringslivet. Næringssteamet skal aktivt søke samarbeid med næringslivet i kommunen.
- Vidare skal næringssteamet jobbe for god samhandling mellom kommuneadministrasjonen, politikarar og regionale samarbeidspartnarar for å oppnå best mogleg tilrettelegging av lokalt næringsutviklingsarbeid”



Mandat for næringssteam (1/2)

1

Næringsvennleg kommune

Å vere ein næringsvennleg kommune betyr:

- Å ha kunnskap om og forståing for behov i næringslivet
- Å legge til rette slik at næringslivet kan utvikle seg jfr. behov og potensial
- Å ha eit godt samarbeid med næringslivet
- Å ha gode møteplassar for dialog og samarbeid

2

Mål og rammer

Næringssteamet skal bidra til betre tenester til næringslivet, og med dette bidra til vekst og utvikling i nytt og eksisterande næringsliv i kommunen

Eit team som samhandlar, informerer og som i praksis viser evne til gjennomføring og følgje opp enkeltsaker der dette kan skje utan å vere i strid med reglane om teieplikt

Jobbe med konkrete forbetningsområde basert på resultat fra forstudiet. Detaljere og konkretisere tiltak.

3

Oppgåver

Koordinere arbeid internt med næringsutvikling, planprosessar og byggesaker av strategisk betydning for kommunen (involvere, informere og følgje opp saker i grensesnitt mellom næringsliv, Vekst i Hareid og kommune)

Avklare handtering av strategisk viktige spørsmål for næringsliv mellom aktørane i næringsapparatet

Vere bindeledd mellom næringsliv og avdelingar i kommunen. Sikre dialog med næringsliv og løyse eventuelle utfordringar på lavast mogeleg nivå


Sørge for god informasjonsdeling på tvers av deltakerane i teamet

4

Arena for samhandling med strategisk planforum

Møter kvar 14 dag med statusoppdatering frå alle og plan for arbeid framover

Felles strategi- og koordineringsmøter med Strategisk planforum, fortrinnsvis for å sikre utvikling og oppfølging av strategisk næringsplan og viktige enkeltsaker



Mandat for næringssteam (2/2)

5

Organisering

Næringssteamet i Hareid kommune er samansett av ordførar, prosjektleiar for Vekst i Hareid, einingsleiar næring, kommunalsjef sektor for samfunnsutvikling, einingsleiar plan, byggesak og geodata og hamnesjef.

Ved behov skal og kommunedirektør (og eventuelt andre relevante aktørar) kallast inn til møta.

Einingsleiar næring i samarbeid med prosjektleiar for Vekst i Hareid har ansvar for å førebu og kalle inn til møta i næringssteamet og førebu aktuelle saker til strategisk planforum.

6

Årleg evaluering og revisjon

Årleg evaluering og revisjon av strategisk næringsplan og definere overordna mål for næringssteamets arbeid basert på innhald i strategisk næringsplan og tilhøyrande tiltaksplanar

Evaluere arbeidsmetoden og resultat frå arbeid i teamet årleg

Gi tilbakemelding til kommunedirektør på korleis dei kommunale avdelingane fungerer i nærings saker

Årleg prosess med innspel til revisjon av strategisk næringsplan

7

Kommunikasjon og rapportering

Kvartalsvis orientering til strategisk planforum

Orientering til formannskap og kommunestyret 2 x pr år.

Orienteringar skal kun takast i kommunestyret. Saker som krev politisk vedtak skal behandlast både i formannskap og kommunestyret.

Løpande oppfølging av næringsliv etter nærmare definert møteplan/arrangementskalender

8

Ressursbruk

Ressursbruk er omfatta av arbeidstid frå deltakerane i teamet

I tillegg tilskot til gjennomføring av prosjektet næringsvennlig kommune

I budsjettprosess bør det leggest fram plan for næringssteamet sitt arbeid inkludert forslag til økonomiske bidrag frå kommunen (spesielt viktig etter omstillingsperiodens utløp)

Mandat for strategisk planforum i Hareid kommune

Strategisk planforum i Hareid kommune skal sørge for å følge opp og arbeide for at dei overordna måla knytt til næringsutvikling i Hareid kommune vert gjennomført.

Strategisk planforum skal arbeide med dei overordna strategiane for næringsutvikling i kommunen, samt halde seg orientert om arbeidet i næringsteamet.

Strategisk planforum skal godkjenne strategisk næringsplan som skal innehald overordna mål og strategiar for næringsutvikling med tilhøyrande tiltaksplanar. Førebuande arbeid med næringsplan (og reviderte utgåver av denne) skjer i næringstemaet.

Organisering:

- Strategisk planforum i Hareid kommune er samansett av kommunedirektør og kommunalsjefar i kommunen i tillegg til einingsleiar for næring og einingsleiar for plan. Ordførar er observatør med møte-, tale- og forslagsrett.
- Næringsteamet deltek også i strategisk planforum når saker knytt til næringsutvikling står på dagsorden
- Kommunedirektøren leiar strategisk planforum
- Kommunedirektøren sørger for å planlegge og følge opp handsaming av saker i planforum basert på dialog med leiar av næringsteamet
- Det vert gjennomført møter i strategisk planforum ein gong per kvartal (eller ved behov)

Saker til handsaming i strategisk næringsplan (før politisk behandling):

- Strategisk næringsplan (utarbeide, revidere og følge opp)
- Enkelt saker med stor strategisk betydning for utvikling av næringslivet i Hareid





HAREID
KOMMUNE